



DET KONGELEGE
FORSVARSDPARTEMENT

Prop. 38 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2020 under Forsvarsdepartementet

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 20. november 2020,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Føremål og hovudoversikt

1.1 Prioriteringar

I denne proposisjonen foreslår Forsvarsdepartementet naudsynte endringar i forsvarsbudsjettet for 2020 på utgifts- og inntektssida.

Det er foreslått at 262,5 mill. kroner blir omdisponerte innan budsjettet for å styrke Forsvarets driftseiningar i samband med meirutgifter knytte til covid-19-situasjonen. Meirutgiftene er foreslått omdisponerte frå reduserte utgifter til reiser og overtid i Forsvaret grunna covid-19.

Det har oppstått utgifter på 166,1 mill. kroner knytte til auka valutakursar. Desse utgiftene er óg dekte innanfor ramma for forsvarsbudsjettet.

Forsvarsdepartementet foreslår vidare å styrke operativ aktivitet i Forsvaret. Det er foreslått å tilføre Sjøforsvaret 20,0 mill. kroner knytte til ikkje-planlagde, operative aktivitetar. Luftforsvaret er foreslått tilført 10,0 mill. kroner knytte til meirutgifter i samband med vedlikehaldsavtale på maritimt patruljefly P-3 Orion. Og Hæren er foreslått tilført 5,0 mill. kroner som følge av meirutgifter i samband med nyskaffing av nytt artilleri.

Det er ógså foreslått å omdisponere 60,0 mill. kroner til bygginga av treningssenter på Skjold i

Troms for allierte styrkar som trener og øver i Noreg.

1.2 Føremål

For å skape best mogleg samsvar mellom løyvingane under dei einskilte kapittel og postar, og endringar i budsjettføresetnadene som har skjedd sidan budsjettet blei vedtatt, leggas det fram forslag om endringar i løyvingane til forsvarsbudsjettet for 2020.

På grunn av den komplekse samansettinga av kapitla, med svært variable storleikar, er omgrupperingsproposisjonen eit naudsynt verktøy for å legge til rette for god økonomistyring i forsvarssektoren. Tiltak for å møte endringar i føresetnadene som oppstår i gjennomføringsåret er såleis handsama, samla og formaliserte på rett måte. Forsvarsdepartementet er opptatt av å halde omfanget av omgrupperingane på eit så lågt nivå som mogleg, samstundes som at kravet om realistisk budsjettering blir varetatt.

Totalt utgjer omgrupperinga for 2020 ein foreslått auke i løyvinga til Forsvarsdepartementet på 100,121 mill. kroner. Auka kjem på bakgrunn av ei foreslått auke i løyvinga til inntektene på same beløp.

1.3 Grunnlaget for omgrupperinga

1.3.1 Økonomisk grunnlag

Grunnlaget for omgrupperinga er vedtatt budsjett for 2020, midlar overførte frå 2019 og seinare end-

ringar gjort av Stortinget. Det er også teke omsyn til forsvarssektoren sin del av lønskompensasjonen for 2020.

Tabell 1.1 Disponible midlar på utgiftssida, før omgruppering 2020, kjem fram slik (i 1 000 kr.):

Saldert budsjett for 2020	60 977 376
Innst. 360 S (2019–2020) til Prop. 117 S (2019–2020) <i>Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2020 (RNB)</i>	97 317
Innst. 360 S (2019–2020) til Prop. 127 S (2019–2020) <i>Endringer i statsbudsjettet 2020 under Kunnskapsdepartementet, Kulturdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Samferdselsdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Finansdepartementet, Forsvarsdepartementet og Olje- og energidepartementet (økonomiske tiltak i møte med virusutbruddet)</i>	85 600
Innst. 360 S (2019–2020) <i>Innstilling til Stortinget fra finanskomiteen</i>	53 000
Budsjettmessige verknadar av lønsoppgjeret i det statlege tariffområdet i 2020	86 383
= Løyvingar før omgrupperinga	61 299 676
+ Midlar overførte frå 2019	2 765 908
= Disponible midlar i 2020 før omgrupperinga	64 065 584

Tabell 1.2 Løyvingar på inntektssida, før omgruppering 2020, kjem fram slik (i 1 000 kr.):

Saldert budsjett for 2020	6 151 625
Innst. 360 S (2019–2020) til Prop. 117 S (2019–2020) <i>Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2019 (RNB)</i>	-7 828
= Løyvingar før omgrupperinga	6 143 797

1.3.2 Inntekter i 2020

I høve til saldert budsjett for 2020, med endringane gjort av Stortinget i revidert nasjonalbudsjett for 2020 og i Innst. 360 S (2019–2020) til Prop. 177 S (2019–2020), er det ei meirinntekt på 100,121 mill. kroner. Meirinntektene inneber ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt i

Innst. 7 S (2019–2020) til Prop. 1 S (2019–2020) under romartalsvedtak II. Auken på inntekts- og utgiftssida er innarbeidd og forklart i detalj under pkt. 2 nedanfor.

1.3.3 Løyvingsbehov

Tala i tabellane nedanfor viser løyvingsbehov knytte til omgrupperinga for 2020.

Tabell 1.3 Løyvingsbehov på utgiftssida i samband med omgrupperingsproposisjonen er slik (i 1 000 kr.):

Auke knytte til meirinntekter	101 081
= Sum behov ved omgrupperinga	101 081
+ Løyvingar før omgrupperinga	61 299 676
= Løyvingar etter omgrupperinga	61 400 757
+ Midlar overførte frå 2019	2 765 908
= Samla disponible midlar i 2020 etter omgrupperinga	64 166 665

Tabell 1.4 Løyvingsbehovet på inntektssida i samband med omgrupperingsproposisjonen er slik (i 1 000 kr.):

Meirinntekter i omgrupperinga	101 081
+ Løyvingar før omgrupperinga	6 143 797
= Løyvingar etter omgrupperinga	6 244 878

På bakgrunn av er det forslått at utgiftsramma blir auka med 101,081 mill. kroner, og at inntektsramma blir auka med 101,081 mill. kroner.

2 Forslag til utgifts- og inntektsendringar på kapittelnivå

Kap. 1700 Forsvarsdepartementet

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2020	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	830 361	913 719	899 919
71	Overføring til andre	86 226	91 176	85 326
73	Forskning og utvikling	85 393	105 993	106 293

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 13,800 mill. kroner:

- 8,500 mill. kroner knytte til eit veteranmonument på Akershus festning. Midlane er forslått omdisponerte til kap. 1710, post 47.
- 5,000 mill. kroner gjelder meirbehov på kap. 1710, post 01 knytte til byggearbeider på alliert treningssenter på Skjold i Troms. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1710, post 01.

- 0,300 mill. kroner er knytte til forskings- og bokprosjektet «Den andre verdenskrigen i nord» ved Universitetet i Tromsø. Midlane er forslått omdisponerte til kap. 1700, post 73.

Post 71 Overføring til andre

Løyvinga på posten er foreslått redusert med 5,850 mill. kroner knytte til meirutgifter i samband med byggearbeider på alliert treningssenter på Skjold i Troms. Midlane er forslått omdisponerte til kap. 1710, post 01.

Post 73 Forsking og utvikling

- Løyvinga på posten er foreslått auka med 0,300 mill. kroner knytte til forskings- og bok-

prosjektet «Den andre verdenskrigen i nord» ved Universitetet i Tromsø som er foreslått omdisponerte frå kap. 1700, post 01.

Kap. 1710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2020	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	4 414 351	4 356 063	4 543 063
47	Nybygg og nyanlegg	2 994 219	2 655 219	2 784 717

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 187,000 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 140,200 mill. kroner grunna tilsvarende auke i inntekta, og gjeld hovudsakleg
- leieinntekter og oppdragsfinansierte inntekter, jf. omtale på kap. 4710, post 01.
- 60,000 mill. kroner knytte til byggarbeider på alliert treningssenter på Skjold i Troms. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1700, post 01 (5,000 mill. kroner), kap. 1700, post 71 (5,850 mill. kroner), kap. 1760, post 45 (24,150 mill. kroner) og kap. 4760, post 45 (25,000 mill. kroner).

Posten er foreslått redusert med:

- 11,000 mill. kroner grunna tilbakebetaling av feilaktig fakturerte forvaltingsutgifter for bustad og kvarter i 2019. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 2,200 mill. kroner knytte til at Forsvaret i 2020 har gjennomført interneffektivisering innanfor

investeringsverksemda, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Effektiviseringsgevinsten er foreslått tilbakeført til kap. 1720, post 01, for å redusere det opphavlege trekket.

Post 47 Nybygg og nyanlegg

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 129,498 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 189,673 mill. kroner knytte til eit meirbehov i samband med reduserte avhendingsinntekter (68,675 mill. kroner) og auka framdrift og produksjon i investeringsprosjekt (120,998 mill. kroner). Midlane er foreslått omdisponert frå kap. 1761, post 47.
- 8,500 mill. kroner knytte til eit veteranmonument på Akershus festning. Midlane er foreslått omdisponert frå kap. 1700, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 68,675 mill. kroner grunna færre salsobjekt for avhending i 2020 enn forventta, jf. omtale på kap. 4710, post 47.

Kap. 4710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2020	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	3 954 288	3 869 288	4 009 488
47	Sal av eigedom	270 475	222 653	153 978

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 140,200 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 100,000 mill. kroner knytte til meirinntekter frå tilleggstenestar.
- 73,100 mill. kroner knytte til meirinntekter frå brukardefinert utvikling.
- 43,600 mill. kroner knytte til meirinntekter frå husleige.
- 23,000 mill. kroner knytte investeringsoppdrag for NATO sine investeringsprogram for tryggleik.

Posten er foreslått redusert med:

- 51,700 mill. kroner knytte til forsyning av m.a. elektrisitet.
- 47,800 mill. kroner knytte til oppdragsfinansierte inntekter utanfor forsvarssektoren.

Post 47 Sal av eigedom

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 68,675 mill. kroner grunna færre salsobjekt for avhending i 2020 enn forventa.

Mindreinntektene fører med seg ein parallell reduksjon av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1720 Felleskapasitetar i Forsvaret

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2020	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	9 473 868	9 419 879	9 590 907

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 171,028 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 110,258 mill. kroner knytte til auka i drivstoff- og valutautgifter i 2020 enn føresettt på budsjetteringstidspunktet. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1731, post 01 (38,980 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (7,481 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (16,032 mill. kroner), kap. 1734, post 01 (10,394 mill. kroner), kap. 1790, post 01 (37,371 mill. kroner).
- 106,000 mill. kroner som følgje av forventa auka inntekter, jf. omtale under kap. 4720, post 01.
- 16,471 mill. kroner knytte til interneffektivisering innanfor områda sentralisering av anskaffingar og vedlikehald. Grunna denne effektiviseringa har nokre kundar i Forsvaret fått reduserte utgifter i 2020. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1731, post 01 (13,657 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (11,408 mill. kroner) og kap. 1734, post 01 (2,478 mill. kroner). Samstundes er det foreslått å tilføre midlar til kap. 1732, post 01 (0,204 mill. kroner), kap. 1790, post 01 (0,551 mill. kroner), kap. 1791, post 01 (9,731 mill. kroner) og kap. 1792, post 01 (0,586 mill. kroner).

- 6,700 mill. kroner knytte til deling av utgifter mellom Hæren og Forsvarets logistikkorganisasjon for teknisk leiarutdanning. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1731, post 01.
- 6,600 mill. kroner knytte til interneffektivisering innanfor investeringar. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1710, post 01 (2,200 mill. kroner), kap. 1734, post 01 (2,200 mill. kroner) og kap. 1760, post 01 (2,200 mill. kroner).
- 5,000 mill. kroner knytte til at Forsvarets logistikkorganisasjon sin verkstad i Østerdalen fakturerte Hæren basert på for låg timepris tidlegare i 2020. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1731, post 01.
- 3,525 mill. kroner knytte til prisauke på ein strategisk kontrakt på *Roll on – Roll off* kapasitet gjennom NATO *Support and Procurement Agency*. Dette er ein beredskapskontrakt som skal sikre naudsynt kapasitet for flytting av personell, materiell, osv. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1734, post 01.
- 3,500 mill. kroner knytte til at Forsvarets logistikkorganisasjon har inngått ei avtale med Sjøforsvaret om å styrke ekspertgruppa som ser på vedlikehaldsarbeidet for fregattar. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1732, post 01.
- 2,664 mill. kroner knytte til at Etterretningsvåpenskulen er overført til Forsvarets høgskule med verknad frå 1. november 2020. Forsvarets høgskule er etter utdanningsreforma Forsva-

- rets primære utdanningsinstitusjon. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1735, post 21.
- 2,392 mill. kroner knytte til at Forsvaret har gjort endringar i sikringstenestane, dette medfører endringar i utgiftene på dei ulike kapitla. Forsvarsdepartementet foreslår å omdisponere midlar frå kap. 1731, post 01 (2,214 mill. kroner) og kap. 1734, post 01 (25,220 mill. kroner). Samstundes er det foreslått å omdisponere midlar til kap. 1732, post 01 (0,416 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (24,171 mill. kroner) og kap. 1791, post 01 (0,455 mill. kroner).
 - 2,296 mill. kroner knytte til masterstudiet på *Naval Postgraduate School* i Monterey, USA. Utgifta blir fakturert Forsvaret på kap. 1720, post 01, og midlar blir omdisponerte frå dei forsvarsgreinene som har elevar ved studiet. I 2020 har Hæren ein elev ved masterstudiet og det er foreslått at utgifter til studiet blir omdisponerte frå kap. 1731, post 01.
 - 1,667 mill. kroner knytte til at ein student ved Forsvarets høgskule har hatt avvikande studiegang. Dette medfører auka utgifter, og det er foreslått at midlar blir omdisponerte frå Luftforsvaret, kap. 1733, post 01.
 - 0,667 mill. kroner knytte til at dimisjonsgodtgjering for flytta, vernepliktige mannskap. Forsvarsdepartementet foreslår at dimisjonsgodtgjeringa for flytta, vernepliktige frå Hæren til Forsvarets fellestenester blir omdisponert. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1731, post 01.
 - 0,438 mill. kroner knytte til at Luftforsvarsstaben skal finansiere første halvår 2020 av eit prosjektårsverk ved Forsvarets høgskule i samband med eit mentorprogram. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1733, post 01.
- Posten er foreslått redusert med:
- 49,899 mill. kroner knytte til meirutgifter i samband med covid-19-situasjonen. Det er eit handlingsrom på posten gjennom reduksjon av reiser og overtid. Det er foreslått å omdisponere midlar frå kap. 1733, post 01 (2,370 mill. kroner) og kap. 1790, post 01 (1,360 mill. kroner). Samstundes er det foreslått å omdisponere midlar til kap. 1732, post 01 (44,617 mill. kroner), kap. 1734, post 01 (2,370 mill. kroner) og kap. 1791, post 01 (6,642 mill. kroner).
 - 20,000 mill. kroner som følgje av at Sjøforsvaret har utført ikkje-planlagde operasjonar for å vareta operative behov. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1732, post 01.
 - 8,800 mill. kroner knytte til at midlar til fellesøvingane *Polaris* og *Gram 2020* i utgangspunktet er budsjetterte sentralt. I løpet av budsjettåret blir midlane fordelte i samsvar med planane for deltaking på fellesøvingane. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1731, post 01 (2,200 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (2,200 mill. kroner.), kap. 1733, post 01 (2,200 mill. kroner) og kap. 1734, post 01 (2,200 mill. kroner).
 - 4,465 mill. kroner knytte til at velferdsmidlane til vernepliktige på førstegangsteneste er løyva på kap. 1720, post 01. Det er oppretta eit søknadssystem for fordeling av disse velferdsmidlane. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1731, post 01 (3,060 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (0,388 mill. kroner), kap. 1733, post 01, kap. (0,837 mill. kroner) og kap. 1790, post 01 (0,180 mill. kroner).
 - 4,000 mill. kroner knytte til at Forsvarets sanitet har bestilt vedlikehald, beredskap og reservedeler, men vil ikkje få levert materiellet i 2020. Hæren ligg an til å få eit meirforbruk på dette området det er difor foreslått at midlane blir omdisponerte til kap. 1731, post 01.
 - 3,000 mill. kroner knytte til at Forsvarets personell- og vernepliktssenter i revidert nasjonalbudsjett 2020 feilaktig fekk tilført midlar. Det er foreslått å korrigere feilen og ved å omdisponere midlane tilbake til kap. 1760, post 45.
 - 2,800 mill. kroner knytte til at midlar til fellesøvingar er løyva på kap. 1720, post 01. Hans Majestet Kongens Garde deltok på øvinga *Moskus* vinteren 2020 og midlar er foreslått omdisponert til kap. 1731, post 01.
 - 1,029 mill. kroner knytte til at Forsvarets logistikkorganisasjon og Heimevernet deler fasilitetar ved Værnes base i Trøndelag. Forsvarets logistikkorganisasjon blei ikkje belasta for sin avtalte del av utgiftene i 2019 og Forsvarsdepartementet foreslår difor at midlar blir omdisponerte til kap. 1734, post 01.
 - 1,000 mill. kroner knytte til at det i samband med covid-19-situasjonen har vore naudsynt å etablere sjuke- og karantene plassar for Luftforsvaret og Forsvarets operative hovudkvarter. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1733, post 01.
 - 0,900 mill. kroner knytte til at det er inngått ei avtale mellom IKT-kapasitetar i Forsvarsmateriell og Cyberforsvaret om finansiering av eit årsverk i Forsvarsmateriell. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1760, post 01
 - 0,460 mill. kroner knytte til at det er gjort ei midlertidig overføring av personell frå Forsvarets personell- og vernepliktssenter til Heimevernet i 2020. Det er foreslått at lønsmidlar

- følgjer overføringa av personellet til kap. 1734, post 01.
- 0,347 mill. kroner knytte til at utdanninga av vaktmannskap til fellesavdelingane blir gjort hos Hæren. Hæren har utdanna mannskap for Forsvarets operative hovudkvarter på Reitan, og det er foreslått at midlane blir omdisponerte til kap. 1731, post 01.
 - 0,250 mill. kroner knytte til at det blei omdisponert for mykje midlar i revidert nasjonalbud-

sjett frå Sjøforsvaret til Forsvarets høgskule knytte til «Forskningsgruppa Prosjekt Sjømakt 2040». Det er foreslått å korrigere feilen ved å omdisponere midlane til kap. 1732, post 01.

- 0,200 mill. kroner knytte til eit *Hospital Liason Team* frå Heimevernet under øvinga *Cold Response 2020*. Midlane føreslås omdisponert frå kap. 1720, post 01 der midlane er løyva til kap. 1734, post 01.

Kap. 4720 Felleskapasitetar i Forsvaret

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2020	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	404 358	405 725	511 725

Post 01 Driftsinntekter

- Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 106,000 mill. kroner knytte til forventa innbetalingar frå allierte som deltok på øvingane *Trident Juncture 2018* og *Cold Response 2019*.

Meirinntektene fører med seg ei parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1731 Hæren

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2020	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	5 979 989	6 104 668	6 084 700

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 19,968 mill. kroner.

Posten blir foreslått auka med:

- 21,912 mill. kroner knytte til auka regulativløn som følge av høgare løn i internasjonale operasjonar. Økte utgifter til grunnløn og arbeidsgivaravgift ved deployering til internasjonale operasjonar skal dekkast av kap. 1792, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1792, post 01.
- 11,000 mill. kroner grunna tilbakebetaling av feilaktig fakturerte forvaltingsutgifter for bustad og kvarter i 2019. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1710, post 01.

- 5,000 mill. kroner knytte til at Hæren har hatt fleire reiser til Sør-Korea for å assistere Forsvarsmateriell i nyskaffing av artilleri frå Sør-Korea i 2020. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane blir omdisponerte frå kap. 1734, post 01.

- 4,000 mill. kroner knytte til at Forsvarets sanitet har bestilt vedlikehald, beredskap og reserveredeler for fire mill. kroner, men vil ikkje få levert materiellet i 2020. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.

- 3,424 mill. kroner knytte til at ny berekningsmodell for personleg kledding og utrusting er innført i Forsvaret. Det foretas ein justering av budsjettet når vernepliktige mannskap i første-gongen blir overført mellom forsvars-

- greiner. Det er foreslått at midlar blir omdisponerte frå kap.1734, post 01.
- 3,060 mill. kroner knytte til velferdsmidlane til vernepliktige på førstegongsteneste, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
 - 2,800 mill. kroner knytte til at Hans Majestet Kongens Garde deltok på øvinga Moskus vinteren 2020, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
 - 2,200 mill. kroner knytte til deltaking på fellesøvingane Polaris og Gram 2020, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
 - 0,347 mill. kroner knytte til at utdanninga av vaktmannskap til fellesavdelingane blir gjort hos Hæren. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.

Posten blir foreslått redusert med:

- 38,980 mill. kroner knytte til høgare drivstoff- og valutautgifter i 2020 enn føresett på budsjetteringstidspunktet, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Hæren har samstundes hatt lågare utgifter til mellom anna reiser og overtid og midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 13,657 mill. kroner knytte til interneffektivisering innanfor områda sentralisering av anskaffingar og vedlikehald, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.

- 6,700 mill. kroner knytte til deling av utgifter mellom Hæren og Forsvarets logistikkorganisasjon for teknisk leiarutdanning. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 5,000 mill. kroner knytte til at Forsvarets logistikkorganisasjon sin verkstad i Østerdalen fakturerte Hæren basert på for låg timepris tidlegare i 2020. Det er foreslått at det foretas ei korrigering, og midlane blir omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 4,197 mill. kroner knytte til etterretningsbidraget i internasjonale operasjonar, jf. omtale under kap. 1735, post 21. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1735, post 01.
- 2,296 mill. kroner knytte til masterstudiet på *Naval Postgraduate School* i Monterey, USA. Utgifta til studieplasser vert fakturert Forsvaret på kap. 1720, post 01 for deretter overføring av midlar frå dei forsvarsgreinene som har hatt elevvar ved studiet. I 2020 har Hæren ein elev ved masterstudiet og det er difor at midlar blir omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 2,214 mill. kroner knytte til at Forsvaret har gjort endringar i sikringstenestane som medfører endringar i utgiftene for Hæren, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01
- 0,667 mill. kroner knytte til dimisjonsgodtgjering for flytta vernepliktige mannskap frå Hæren til Forsvarets fellestenester. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.

Kap. 1732 Sjøforsvaret

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2020	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	4 545 051	4 582 777	4 647 534

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 64,757 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 44,617 mill. kroner knytte til å dekkje meirutgifter i samband med covid-19-situasjonen, jf. omtale under kap. 1720, post 01.
- 20,000 mill. kroner gjeld ikkje-planlagde operasjonar for å vareta operative behov. Dette påfører Sjøforsvaret ekstraavgifter. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.

- 7,200 mill. kroner som følgje av eit meirbehov i Sjøforsvaret knytte til auka driftsutgifter som følgje av ein defekt transformator på Haakonvern Orlogsstasjon. Forsvarsdepartementet foreslår at midlar blir omdisponerte frå kap. 1734, post 01.
- 2,200 mill. kroner knytte til deltaking på fellesøvingane Polaris og Gram 2020, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
- 0,603 mill. kroner knytte til at HV-08 har i samband med kurs, trening og øving mottatt

- kjøkkentener og forpleiing frå messa i Vatneleiren tilhøyrande Sjøforsvaret. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1734, post 01.
- 0,416 mill. kroner knytte til at Forsvaret har gjort endringar i sikringstenestane, og dette medfører endringar i utgiftene til Sjøforsvaret, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
 - 0,388 kroner knytte til at velferdsmidlane til vernepliktige på førstegongsteneste er løyva på kap. 1720, post 01, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
 - 0,250 mill. kroner knytte til at det blei omdisponert for mykje midlar i revidert nasjonalbudsjett frå Sjøforsvaret til Forsvarets høgskule knytte til «Forskningsgruppa Prosjekt Sjømakt 2040». Det er foreslått å korrigere feilen ved å omdisponere midlane frå kap. 1720, post 01.
 - 0,204 mill. kroner knytte til interneffektivisering innanfor områda sentralisering av anskaffingar og vedlikehald, jf. omtale under

kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.

- 0,193 knytte til ei omdisponering av unytta midlar frå kap. 1792, post 01. Midlane er planlagd nytta til ordinær drift.

Posten er foreslått redusert med:

- 7,481 mill. kroner knytte til høgare drivstoff- og valutautgifter i 2020 enn føresett på budsjetteringstidspunktet, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Sjøforsvaret har samstundes hatt lågare utgifter til mellom anna reiser og overtid og midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 3,500 mill. kroner knytte til at Sjøforsvaret har inngått ei avtale med Forsvarets logistikkorganisasjon om å styrke ekspertgruppa som ser på vedlikehaldsarbeidet for fregattar. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,333 mill. kroner knytte til etterretningsbidraget i internasjonale operasjonar, jf. omtale under kap. 1735, post 21. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1735, post 01.

Kap. 1733 Luftforsvaret

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2020	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	5 992 775	6 342 808	6 349 482

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 6,674 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 24,171 mill. kroner knytte til at Forsvaret har gjort endringar i sikringstenestane, og dette medfører endringar i utgiftene for Luftforsvaret, jf. omtale under kap. 1720, post 01.
- 10,000 mill. kroner knytte til ei vedlikehaldsavtale med *Airbus Defence and Space* om assistanse av vedlikehald på P-3 Orion. I 2020 fekk Luftforsvaret ein faktura som medførte ei meirutgift. Forsvarsdepartementet foreslår at midlar blir omdisponerte frå kap. 1734, post 01.
- 2,200 mill. kroner knytte til deltaking på fellesøvingane Polaris og Gram 2020, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
- 1,000 mill. kroner knytte til at det i samband med covid-19-situasjonen er naudsynt å eta-

blere sjuke- og karantene plassar for Luftforsvaret og Forsvarets operative hovudkvarter. Forsvarsdepartementet foreslår å omdisponere midlane frå kap. 1720, post 01.

- 0,837 mill. kroner knytte til velferdsmidlane til vernepliktige på førstegongsteneste, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
- 0,381 mill. kroner knytte til feilpostert løn i 2020. Forsvarsdepartementet foreslår at det foretas ein korrigering og at midlar blir omdisponerte frå kap. 1791, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 16,032 mill. kroner knytte til høgare drivstoff- og valutautgifter i 2020 enn føresett på budsjetteringstidspunktet, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Luftforsvaret har samstundes hatt lågare utgifter til mellom anna aktivitet, reiser og overtid og midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.

- 11,408 mill. kroner knytte til interneffektivisering innanfor områda sentralisering av anskaffingar og vedlikehald, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Forsvarsdepartementet foreslår at midlar blir omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 2,370 mill. kroner knytte til meirutgifter i samband med covid-19-situasjonen, jf. omtale under kap. 1720, post 01.
- 1,667 mill. kroner knytte til at ein student ved Forsvarets høgskule har hatt ein avvikande

studiegang. Dette medfører auka utgifter for høgskulen, og Forsvarsdepartementet foreslår at midlar blir omdisponerte til kap. 1720, post 01.

- 0,438 mill. kroner knytte til at Luftforsvarsstaben skal finansiere første halvår 2020 av eit prosjektårsverk ved Forsvarets høgskule i samband med eit mentorprogram. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.

Kap. 1734 Heimevernet

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2020	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	1 439 422	1 517 847	1 453 645

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 64,202 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 2,370 mill. kroner knytte til meirutgifter i samband med covid-19-situasjonen, jf. omtale under kap. 1720, post 01.
- 2,200 mill. kroner knytte til deltaking på fellesøvingane Polaris og Gram 2020, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
- 1,029 mill. kroner knytte til at Forsvarets logistikkorganisasjon og Heimevernet deler fasilitetar ved Værnes base i Trøndelag. Forsvarets logistikkorganisasjon blei ikkje belasta for sin avtalte del av utgiftene i 2019. Forsvarsdepartementet foreslår derfor at midlar blir omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
- 0,460 mill. kroner knytte til at det er gjort ei midlertidig overføring av personell frå Forsvarets personell- og vernepliktssenter til Heimevernet i 2020. Forsvarsdepartementet foreslår at lønsmidlar følgjer personellet og at det blir omdisponert midlar frå kap. 1720, post 01.
- 0,200 mill. kroner knytte til eit *Hospital Liason Team* frå Heimevernet under øvinga *Cold Response 20*. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1720, post 01, der midlane er løyva.

Posten er foreslått redusert med:

- 25,220 mill. kroner knytte til at Forsvaret har gjort endringar i sikringstenestane, og dette

medfører endringar i utgiftene for Heimevernet, jf. omtale under kap. 1720, post 01.

- 10,394 mill. kroner knytte til høgare drivstoff- og valutautgifter i 2020 enn føreset på budsjetteringstidspunktet, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Heimevernet har samstundes hatt lågare utgifter til mellom anna trening, reiser og overtid og midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 10,000 mill. kroner knytte til ei vedlikehaldsavtale med *Airbus Defence and Space* om assistanse av vedlikehald på P-3 Orion. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1733, post 01.
- 7,200 mill. kroner som følge av eit meirbehov i Sjøforsvaret knytte til auka driftsutgifter i samband med ein defekt transformator på Haakonvern Orlogsstasjon. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1732, post 01.
- 5,000 mill. kroner knytte til at Hæren har hatt fleire reiser til Sør-Korea for å assistere Forsvarsmateriell i nyskaffing av artilleri frå Sør-Korea i 2020. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1731, post 01.
- 3,525 mill. kroner knytte til prisauke på ein strategisk kontrakt på *Roll on – Roll off* kapasitet gjennom *NATO Support and Procurement Agency*. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 3,424 mill. kroner knytte til at ny berekningsmodell for personleg kledning og utrusting er innført i Forsvaret. Det foretas ei justering av budsjettet når vernepliktige mannskap i første-

- gongsteneste blir overført mellom forsvarsgreiner. Midlane er foreslått omdisponerte til kap.1731, post 01 knytte til overføringa.
- 2,478 mill. kroner knytte til interneffektivisering innanfor områda sentralisering av anskaffingar og vedlikehald, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte denne posten.
 - 2,200 mill. kroner knytte til at Forsvaret i 2020 har gjennomført interneffektivisering innafor investeringsverksemda, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Effektiviseringsgevinsten er foreslått tilbakeført til kap. 1720, post 01, for å redusere det opphavlege nedtrekket.
 - 0,603 mill. kroner knytte til at HV-08 har i samband med kurs, trening og øving mottatt kjøkkentener og forpleiing frå messa i Vatneleiren frå KNM Harald Haarfagre tilhøyrande Sjøforsvaret. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1732, post 01.
 - 0,417 mill. kroner knytte til etterretningsbidraget i internasjonale operasjonar, jf. omtale under kap. 1735, post 21. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1735, post 01.

Kap. 1735 Etterretningstenesta

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2020	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
21	Spesielle driftsutgifter	2 188 783	2 220 396	2 223 335

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 2,939 mill. kroner.

- Posten er foreslått auka med 5,603 mill. kroner knytte til at det i etterretningsbidraget til internasjonale operasjonar inngår personell frå ulike styrkeprodusentar. Grunnløn for disse fast tilsette skal betalast av styrkeprodusenten. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap.

1731, post 01 (4,197 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (0,333 mill. kroner), kap. 1734, post 01 (0,417 mill. kroner) og kap. 1760, post 01 (0,656 mill. kroner).

Posten er foreslått redusert med 2,664 mill. kroner knytte til at Etterretningstvåpenskulen er overført til Forsvarets høgskule med verknad frå 1. november 2020. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.

Kap. 1760 Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2020	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	1 638 693	1 761 302	1 755 146
44	Fellesfinansierte investeringar, nasjonal-finansiert del	83 794	90 850	74 754
45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald	10 179 932	10 210 159	10 153 594
48	Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del	350 000	102 300	124 800
75	Fellesfinansierte investeringar, Noregs tilskott til NATOs investeringsprogram for tryggleik	98 154	98 154	105 546

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 6,156 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 5,800 mill. kroner knytte til FoU-aktivitet i Nasjonalt tryggingorgan. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1760, post 45.
- 0,900 mill. kroner knytte til at det er inngått ei avtale mellom IKT-kapasitetar i Forsvarsmateriell og Cyberforsvaret om finansiering av eit årsverk i Forsvarsmateriell. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 10,000 mill. kroner knytte til mindreforbruk i Forsvarsmateriell på kap. 1760, post 01, som følgje av covid-19-situasjonen med redusert aktivitet. Midlane føreslås omdisponerte til kap. 1760, post 45, for bruk på prosjekter med meirforbruk.
- 2,200 mill. kroner knytte til at Forsvaret i 2020 har gjennomført interneffektivisering innanfor investeringsverksemda, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Effektiviseringsgevinsten er foreslått tilbakeført til kap. 1720, post 01, for å redusere det opphavlege trekket.
- 0,656 mill. kroner knytte til etterretningsbidraget i internasjonale operasjonar, jf. omtale under kap. 1735, post 21. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1735, post 01.

Post 44 Fellesfinansierte investeringar, nasjonal-finansiert del

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 16,096 mill. kroner.

Posten er foreslått redusert med:

- 8,704 mill. kroner knytte til meirbehov på kap. 1760, post 48, i m.a. prosjekta *Provide Arrestor Gear, Extend Arm/Disarm Pad* på Evenes, og *Augment the JWC Training and Exercise Capability* på Jåttå. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1760, post 48.
- 7,392 mill. kroner knytte til eit meirbehov på kap. 1760, post 75, i samband med raskare prosjektgjennomføring i NATO. Dette medfører auka innbetalingar til NATO. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1760, post 75

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 56,565 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 10,000 mill. kroner knytte til mindrebehov i Forsvarsmateriell på kap. 1760, post 01, som følgje av covid-19-situasjonen og redusert aktivitet. Midlane føreslås omdisponerte frå kap. 1760, post 01, for bruk på prosjekter med meirbehov.
- 3,000 mill. kroner knytte til at Forsvarets personell- og vernepliktssenter i revidert nasjonalbudsjett 2020 feilaktig blei tilførte tre mill. kroner. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 39,615 mill. kroner knytte til Noregs bidrag til MINUSMA (NORTAD III (*Norwegian Tactical Airlift Detachment*)) med transportfly C-130 Hercules. Midlar til vedlikehald, reservedeler og beredskapsbeholdningar på kap. 1760, post 45, vil få lågare omsetning i 2020 enn føresett på budsjetteringstidspunktet, og midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1792, post 01.
- 24,150 mill. kroner knytte til meirutgifter på kap. 1710, post 01 i samband med bygggearbeider på alliert treningssenter på Skjold i Troms. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1710, post 01.
- 5,800 mill. kroner knytte til FoU-aktivitet i Nasjonalt tryggingorgan. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1760, post 01.

Post 48 Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del

- Løyvinga på posten er foreslått auka med 22,500 mill. kroner

Posten er foreslått auka med:

- 13,796 mill. kroner som følgje av forventa auka inntekter, jf. omtale under kap. 4760, post 48.
- 8,704 mill. kroner knytte til meirbehov på i bl.a. prosjekta *Provide Arrestor Gear, Extend Arm/Disarm Pad* på Evenes, og *Augment the JWC Training and Exercise Capability* på Jåttå. Forsvarsdepartementet foreslår at midlar blir omdisponerte til kap. 1760, post 44.

Post 75 Fellesfinansierte investeringar, Noregs tilskott til NATOs investeringsprogram for tryggleik

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 7,392 mill. kroner knytte eit meirbehov i samband med raskare prosjektgjennomføring i NATO. Dette medfører auka innbetalingar. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1760, post 44.

Kap. 4760 Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2020	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, inntekter	0	41 000	66 000
48	Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del, inntekter	350 036	102 336	116 132

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, inntekter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 25,000 mill. kroner i samband med at det er inngått eit forlik med ein leverandør til eit pågåande materiellinvesteringsprosjekt. Meirinntektene fører med seg ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Post 48 Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del, inntekter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 13,796 mill. kroner knytte til auka refusjonar frå NATO etter fleire forserte prosjekter. Meirinntektene fører med seg ei parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1761 Nye kampfly med baseløysing

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2020	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	178 076	173 831	158 831
45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald	5 863 471	5 908 471	5 923 471
47	Nybygg og nyanlegg	779 532	779 532	589 859

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått redusert med 15,000 mill. kroner knytte til redusert reiseaktivitet til USA. Samtidig er det behov for ekstra midlar til utstyrsanskaffingar og vedlikehald på kap. 1761, post 45. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1761, post 45

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald

Løyvinga på posten er foreslått auka med 15,000 mill. kroner knytte det behov for ekstra

midlar til utstyrsanskaffingar. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1761, post 01.

Post 47 Nybygg og nyanlegg

Løyvinga på posten er foreslått redusert med 189,673 mill. kroner knytte til forsinka framdrift for etablering av drivstoffanlegget for F-35-hangarane og forsinka framdrift i forhandlingane med grunneigarar rundt Ørlandet flystasjon om innløyving av bustader. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1710, post 47.

Kap. 1790 Kystvakta

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2020	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	1 184 726	1 224 753	1 186 753

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 38,000 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 0,551 mill. kroner knytte til interneffektivisering innanfor områda sentralisering av anskaffingar og vedlikehald, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
- 0,180 mill. kroner knytte til velferdsmidlane til vernepliktige på førstegongsteneste, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 37,371 mill. kroner knytte til høgare drivstoff- og valutautgifter i 2020 enn føresettt på budsjetteringstidspunktet, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Kystvakta har samstundes hatt lågare utgifter til mellom anna reiser og overtid og midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 1,360 mill. kroner knytte til å dekkje meirutgifter i samband med covid-19-situasjonen, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.

Kap. 1791 Redningshelikoptertenesta

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2020	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	876 527	905 798	820 005

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 85,793 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 9,731 mill. kroner knytte til interneffektivisering innanfor områda sentralisering av anskaffingar og vedlikehald, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
- 6,642 mill. kroner knytte til meirutgifter i samband med covid-19-situasjonen, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
- 0,960 mill. kroner knytte til overføring av lønskompensasjon gitt til Justis- og beredskapsdepartementet.

- 0,455 mill. kroner knytte til at Forsvaret har gjort endringar i sikringstenestane, og dette medfører endringar i utgiftene til Sjøforsvaret, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 103,200 mill. kroner som følge av forventa reduksjon i inntektene, jf. omtale under kap. 4791, post 01.
- 0,381 mill. kroner knytte til feilpostert løn i 2020. Forsvarsdepartementet foreslår at det foretas ein korrigering og at midlar blir omdisponerte til kap. 1733, post 01.

Kap. 4791 Redningshelikoptertenesta

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2020	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	774 340	814 340	712 100

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 102,240 mill. kroner.

Løyvinga på posten er i einighet med Justis- og beredskapsdepartementet foreslått auka:

- 34,000 mill. kroner gjeld overførte midlar frå 2020.
- 12,800 mill. kroner gjeld tiltaksplan for Sea King.
- 0,960 mill. kroner er knytte til overføring av lønskompensasjon gitt til Justis- og beredskapsdepartementet.

Posten er foreslått redusert med:

- 125,000 mill. kroner knytte til reduksjon av inntekter etter dialog med Justis- og beredskapsdepartementet og gjeld forseinking i vedlikehaldsprogrammet for Sea King 2020.
- 25,000 mill. kroner knytte til justeringar av inntektene etter dialog med Justis- og beredskapsdepartementet, som følgje av usikkerheit rundt størrelsen på dei faste utgiftene til nye redningshelikopter.

Mindreinntektene fører med seg ein parallell reduksjon av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1792 Norske styrkar i utlandet

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2020	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	940 928	969 131	974 227

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 5,096 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 39,615 mill. kroner knytte til Noregs bidrag med transportflyet C-130 Hercules til NORTAD III (*Norwegian Tactical Airlift Detachment*), som er en del av FN's fredsbevarande styrke i Mali (MINUSMA). Regjeringa har vedtatt at Noreg skulle stille med eit bidrag i perioden november 2020 til mai 2021. Det er ikkje budsjettert med eit slik bidrag i 2020, og avgjerda medfører behov for at operasjons-spesifikk trening, klargjøring og deployering i all hovudsak gjennomførast i 2020, med tilhørande utgifter. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1760, post 45.

- 0,586 mill. kroner knytte til interneffektivisering innanfor områda sentralisering av anskaffingar og vedlikehald, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 21,912 mill. kroner knytte til auka regulativløn som følgje av høgare løn i internasjonale operasjonar som skal dekkast av kap. 1792, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1731, post 01, som utbetaler løna.
- 13,000 mill. kroner som følgje av forventa reduksjon i inntektene, jf. omtale under kap. 4792, post 01.
- 0,193 mill. kroner knytte til omdisponering gjort i samband med overføring av midlar frå 2019. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane betalast tilbake til kap. 1732, post 01.

Kap. 4792 Norske styrkar i utlandet

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2020	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	38 919	37 200	24 200

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er foreslått redusert med 13,000 mill. kroner knytte til uvisse om refusjonar frå FN vil bli betalt ut i 2020.

- Mindreinntektene fører med seg ein parallell reduksjon av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

3 Informasjonssaker*Tillitsvalsordninga i Forsvarets landskonferanse 2020*

Tillitsvalsordninga i Forsvarets landskonferanse 2020 er utsatt på ubestemt tid av omsyn til smittevern. Gjeldande vernepliktsprogram for tillitsvalsordninga 2018–2020 vil bli gjeldande fram til ny landskonferanse lar seg gjennomføre. Landsstyret for tillitsvalsordninga i Forsvaret tar vare på behovet for naudsynte prioriteringar i høve til gjeldande vernepliktsprogram.

Veteranhuset i Oslo

Veteranhuset i Oslo er eit tilbod til alle som har tenestegjort i internasjonale operasjonar. Regjeringa foreslår å tildele inntil 45 000 kroner til anskaffing og montering av flaggstang ved Veteranhuset i Oslo. Midlane tildeles Den Grøne Leidang, som har vært initiativtakar for etablering av Veteranhuset. Formålet med tilskottet er å synliggjøre Veteranhuset og å anerkjenne arbeidet for ivaretaking av norske veteranar. Midlane er foreslått tildelt innanfor ramma på kap. 1700, post 71.

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit vedlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2020 under Forsvarsdepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2020 under Forsvarsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2020 under Forsvarsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2020 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1700		Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr. 913 719 000 til kr. 899 919 000	13 800 000
	71	Overføring til andre, <i>kan overføres</i> , blir redusert med frå kr. 91 176 000 til kr. 85 326 000	5 850 000
	73	Forskning og utvikling, <i>kan overføres</i> , blir auka med frå kr. 105 993 000 til kr. 106 293 000	300 000
1710		Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg	
	01	Driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir auka med frå kr. 4 356 063 000 til kr. 4 543 063 000	187 000 000
	47	Nybygg og nyanlegg, <i>kan overføres, kan nyttast under kap. 1761, post 47</i> , blir auka med frå kr. 2 655 219 000 til kr. 2 784 717 000	129 498 000
1720		Felleskapasitetar i Forsvaret	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr. 9 419 879 000 til kr. 9 590 907 000	171 028 000
1731		Hæren	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr. 6 104 668 000 til kr. 6 084 700 000	19 968 000
1732		Sjøforsvaret	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr. 4 582 777 000 til kr. 4 647 534 000	64 757 000
1733		Luftforsvaret	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr. 6 342 808 000 til kr. 6 349 482 000	6 674 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1734		Heimevernet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr. 1 517 847 000 til kr. 1 453 645 000	64 202 000
1735		Etterretningstenesta	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med frå kr. 2 220 396 000 til kr. 2 223 335 000	2 939 000
1760		Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1760, post 45</i> , blir redusert med frå kr. 1 761 302 000 til kr. 1 755 146 000	6 156 000
	44	Fellesfinansierte investeringar, nasjonalfinansiert del, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr. 90 850 000 til kr. 74 754 000	16 096 000
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1761, post 45</i> , blir redusert med frå kr. 10 210 159 000 til kr. 10 153 594 000	56 565 000
	48	Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr. 102 300 000 til kr. 124 800 000	22 500 000
	75	Fellesfinansierte investeringar, Noregs tilskott til NATOs investerings- program for tryggleik, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1760, post 44</i> , blir auka med frå kr. 98 154 000 til kr. 105 546 000	7 392 000
1761		Nye kampfly med baseløysing	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1761, post 45</i> , blir redusert med frå kr. 173 831 000 til kr. 158 831 000	15 000 000
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1760, post 45</i> , blir auka med frå kr. 5 908 471 000 til kr. 5 923 471 000	15 000 000
	47	Nybygg og nyanlegg, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1710, post 47</i> , blir redusert med frå kr. 779 532 000 til kr. 589 859 000	189 673 000
1790		Kystvakta	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr. 1 224 753 000 til kr. 1 186 753 000	38 000 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1791		Redningshelikoptertenesta	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr. 905 798 000 til kr. 820 005 000	85 793 000
1792		Norske styrkar i utlandet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr. 969 131 000 til kr. 974 227 000	5 096 000

Inntekter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
4710		Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg	
	01	Driftsinntekter, blir auka med frå kr. 3 869 288 000 til kr. 4 009 488 000	140 200 000
	47	Sal av eigedom, blir redusert med frå kr. 222 653 000 til kr. 153 978 000	68 675 000
4720		Felleskapasitetar i Forsvaret	
	01	Driftsinntekter, blir auka med frå kr. 405 725 000 til kr. 511 725 000	106 000 000
4760		Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald	
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, inntekter, blir auka med frå kr. 41 000 000 til kr. 66 000 000	25 000 000
	48	Fellesfinansierte investeringar, inntekter, blir auka med frå kr. 102 336 000 til kr. 116 132 000	13 796 000
4791		Redningshelikoptertenesta	
	01	Driftsinntekter, blir redusert med frå kr. 814 340 000 til kr. 712 100 000	102 240 000
4792		Norske styrker i utlandet	
	01	Driftsinntekter, blir redusert med frå kr. 37 200 000 til kr. 24 200 000	13 000 000

